



No har ungdomslaget fått tak i bemanning slik at det første barnediskoteket i haust kan avviklast fredag opplysar styremedlem Håvard S. Eik til uskedalen.no.

Det var stort mannskapsbehov, men no er det løyst på alle plan.

Det gjeld til dømes også på musikksida. Musikken vil bli styrt av Anne Linn, og ikkje berre det: Det har også meldt seg 3-4 ungdommar som er interessert i å læra og for dei vil det bli halde kurs i november.

Opplegget for barnediskoteket er som det plar vera. Det startar med gruppa 1.-4. klasse, som er i aksjon frå klokka 17.30 til 19.00. Etter ei stutt pause slepp gruppa 5.-7. klasse til frå 19.15 og dei held det gåande til klokka 21.30.

Det blir sal av brus, pizza hot dog og snop.
Og så blir det dansekonsurransse!
Det blir eit nytt barnediskotek i slutten av november.

På biletet ein ivrig dansegjeng på ein tidlegare diskotek-kveld.

(Foto: Ola Matti Mathisen)